

# Referat frå instituttrådsmøte

## Institutt for framandspråk

**(MERK: retting er lagt inn under sak 9, gruppe B er retta til gruppe C)**

**Dato:** onsdag 22. november 2023

**Stad:** Seminarrom 301, HF-bygget

### Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Kari Soriano Salkjelsvik og Martin Paulsen

Frå gruppe B: Kristine Seljemoen

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Belinda Munoz Solheim og Eirik Tiller

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

### Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

### Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 18. oktober 2023

Godkjent utan merknader.

### Sak 3 – orienteringssaker

- A) Instituttleiar orienterte om prosessen med revidering av bemanningsplanen. Denne planen skal opp i fakultetsstyret i desember, og det er ikkje venta endringar eller nye kuttframlegg frå dekanatet. Dermed reknar IF med å få tilsetja i begge dei ledige stillingane på engelsk lingvistikk. Vonleg får vi òg lysa ut stillinga på spansk lingvistikk som ser ut til å bli ledig hausten 2025.
- B) Instituttleiar orienterte om framdrifta i studieporteføljeprojektet ved fakultetet. Det er m.a. vorte presisert at projektet fokuserer på bachelorstudiet. Retninga i det overordna projektet så langt har vore litt utydeleg. På IF er instituttleinga i gang med separate møte om programporteføljen med kvart av faga. Arbeidet med å utvikla emnepakkar er lansert som ein del av projektet, og instituttleiar følgjer opp dette internt m.a. gjennom eit møte med ei gruppe undervisarar ved instituttet.
- C) Birger Solheim går inn som ny undervisningskoordinator ved instituttet frå årsskiftet 2023/2024.

#### **Sak 4 – Framdrifta i strategiarbeidet**

Strategiplanen for IF gjekk ut i 2022, og instituttrådet har drøfta planen i fleire møte. Den nye strategiplanen for IF vil bli lagt fram til vedtak i instituttrådsmøtet i januar 2024. Utkast til ny strategiplan blir sendt ut i god tid før møtet. Lunde oppmoda instituttleiinga om å senda utkastet ut på høyring til alle ved instituttet før instituttrådsmøtet.

#### **Sak 5 – Oppdatert økonomistatus for instituttet**

Administrasjonssjefen orienterte kort om økonomien ved instituttet ved utgangen av 2023. Det ser ut til å bli eit overskot både ved fakultetet og fleire av institutta, inkludert IF. Ved IF reknar vi med rundt ein million i pluss i driftsrekneskapen ved utgangen av året, kanskje òg litt meir. IF hadde gått i minus om instituttet ikkje fekk gevinstar frå avslutta eksternfinansierte prosjekt (i 2023 gjeld dette særleg Eksamensprosjektet). Instituttet ser ut til å få store gevinstar òg i 2024 og 2025, men deretter må vi rekna med langt knappare driftsbudsjett. Den store satsinga på toarstillingar må trappast ned når dei store gevinstane ikkje lenger er der. Litt av overskotet i driftsbudsjettet kan vi overføra, men vi risikerer at mesteparten blir trekt inn til fakultetet (sjå òg sak 7 nedanfor). Soriano Salkjelsvik etterlyste eit oversyn over kor mykje av frikjøpsmidlar frå prosjekt som har gått til innleige av vikarar og andre mellombels tilsette i 2023.

#### **Sak 6 - Frikjøp i eksternfinansiert forskning**

Instituttleiar presenterte framlegget til nye retningslinjer for frikjøp i eksternfinansiert forskning.

*Vedtak (samrøystes): Instituttrådet støttar framlegget frå instituttleiar til retningslinjer for frikjøp i ekstern forskning.*

Instituttleiinga presiserer enkelte punkt i vedtaket og sender ut informasjon til instituttet om dei nye retningslinjene.

#### **Sak 7 – Utbetring av lokala i HF-bygget**

I kjølvatnet av vernerunden på instituttet har instituttleiinga ønskt å få i gang ei utbetring av nokre av lokala i HF-bygget, dvs. i andre og tredje høgda. Særleg ønskjer ein å få til kjøkkenavdelingar for dei tilsette og eit skikkeleg møterom. Studentarbeidsplassar er òg eit aktuelt tiltak.

Naboinstituttet vårt LLE er allereie i gang med liknande planar, og dei to institutta vonar fakultetet vil setja av overskot frå driftsbudsjetta ved institutta i 2023 til utbetringstiltak i HF-bygget i 2024.

Hestnes ønskte å prioritera dei tilsette her gjennom kjøkkenavdelingar, og viste til at det er vanskeleg å få til kjøkkenkrokar som blir brukt av både tilsette og studentar. Soriano streka under at det var viktig med to kjøkkenkrokar, dvs. ein i kvar etasje. Seljemoen viste til at skikkelege kjøkkenfasilitetar òg var eit spørsmål om helse og smittevern.

Solheim meinte det var viktigare for studentane å få sitjeplassar som kunne fungera som gode arbeidsplassar, enn mikrobølgjeovn og anna kjøkkenutstyr. Tiller minna om at det er viktig med stikkontaktar på slike arbeidsplassar.

Instituttleiar vil oppnemna ein komité til å følgja opp arbeidet med utbetring av lokala i HF-bygget.

### **Sak 8 – Oppdatering om HMS og HMS-plan for 2024**

Instituttleiar orienterte kort om HMS-arbeidet ved instituttet. IF har nyleg hatt hms-dag. Instituttleinga ønskjer å koma tilbake med ei hms-orientering og ein ny hms-plan til neste år.

### **Sak 9 – ymse**

Grappa av administrativt tilsette (gruppe C) må supplerast med vararepresentant i instituttrådet.

Martin Paulsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef